



## ÅRSMELDING - BØMLO BÅTLAG - 2011

Bømlo Båtlag (BBL) har pr 31.12.11 **74** medlemmer. I løpet av året har laget betalt ut 1 medlem for båtplass. Ingen nye har kjøpt seg inn. BBL fører venteliste for båtplass, og her stod det 1 stk pr 31.12.11

Styret har i 2011 vore samansett slik:

Leiar:	Terje Kallevåg	(på val)
Nestleiar:	Kjell Idar Lønning	(på val)
Kasserar:	Kristen Thorsen	(på val)
Skrivar:	Kåre Bogetveit	1 år
Styremedlem:	Eivind Kallevåg	1 år
Styremedlem/:	Jon Helge Talmo	1 år
Havnesjef		
Vara:	Tjerand Pettersen	1 år
	Einar Vestvik	1 år

Det har vore 9 styremøte i tillegg til årsmøtet. Styremedlemmene har utført ein del arbeid utanom desse møta.

Styret ønskjer å nytta høvet til å takka alle dei medlemmene som ikkje har båt, men som likevel er med å driva BBL - både i form av kontingent og dugnadsinnsats!

### FISKEKONKURRANSE

BBL fører tradisjonen vidare med å arrangera fiskekonkurranse. I 2011 var det eit endå betre opplegg, takka vera arrangementskomiteen som gjorde ein solid jobb saman med styret. Deltakinga var om lag som året før og saman med utlodning og sal av grillmat, kaffi og kaker, vart dette ein suksess. Saman med arrangementet om kvelden gav dett os om lag **30 000 kr** i inntekter!

Arrangementskomiteen har vore:

Ruth Lillian Lønning	(på val)
Oddbjørg Vika	(på val)
Evy Hovland	(1 år)
Torill Barane	(1 år)
Katja Dienemann	(1 år)

## **NYE SEKSJONAR I FLYTEBRYGGA**

Me held fram med oppgradering av den gamle flytebrygga. I 2011 vart det skifta ut to gamle seksjonar samt eit par utriggarar. Dette var ein del av dugnadsarbeidet, og kosta oss **110 000 kr.**

Dei gamle seksjonane vart lagt ut for sal. Pris for kvar seksjon vart sett til 5 000 kr. Begge er no selde.

## **KYSTGUIDEN**

BBL har i gått saman med Spar, Bømlo Skipsindustri, Gjestehamna og Sentrumsforeningen om å marknadsføra Langevåg gjennom Redningsselskapet sin Kystguide. Me spleiser på ei heil side. Kostnaden for BBL er 2000 kr. Positivt for alle partar - og flott marknadsføring for heile bygda.

## **VAKTORDNINGA**

Vaktordninga har fungert nokolunde bra i 2011. Styret vil skjerpa inn litt på rutinane, spesielt ved overlevering til neste mann på lista. Det må sikrast at den som har vaktboka har ansvaret for å få ein avløyser. Dersom det er problem, skal Havnesjefen kontaktast.

## **DUGNAD**

Medlemmene har utført **665 timar** med dugnad i 2011

Av oppgåver som vart utførte:

- Utskifting av seksjonar – flytebrygge
- Maling av grillhus, levegg og mur
- Tredekke rundt brakka
- Kontroll av el-anlegg
- Anna vedlikehald

## **PÅLAR UNDER BRAKKA**

Bømlo maskin har utført arbeidet med å nye pålar under brakka. Dette arbeidet vart utført etter planen, med ei total kostnadsramme på ca 73 000 kr. Tredekke vart lagt på dugnad.

## **GRASROTANDELEN**

Medlemmene er oppfordra til å registrera BBL som mottakar av grasrotandelen på spillekortet frå Norsk Tipping. Dette gav oss vel **7 400 kr.** i 2011.

## **DIVERSE**

- Støtte frå Espevær Gjensidige Assuranceforening på 10 000 kr
- Medlemskap i KNBF vart vurdert av styret. Fordelane var ikkje så store i høve til kostnadene, så det vart konkludert med å ikkje melda medlemmene kollektivt inn.
- Avslag på søknad om støtte frå Finnås Kraftlag
- Kystsogedagane - BBLvar med på arrangementet.

Bømlo 05.02.12

Kåre Bogetveit

Skrivar